

KULTUR- OG LIKESTILLINGSDEPARTEMENTET

Postboks 8030 Dep  
0030 OSLO

Dykkar ref.	Vår ref.	Sakshandsamar	Dato
	2025/995-3	Knut Kjosås	24.10.2025

## Høyringsfråsegn forskrift om dokumentasjon og arkiv (arkivforskrifta)

Vi viser til høyringsbrev datert 5. september 2025 og høyringsfrist 1. november 2025.

Fråsegna er gjeven av oss og eigarkommunane våre: Etne, Sveio, Bømlo, Stord, Fitjar, Tysnes, Kvinnherad, Ullensvang, Eidfjord, Ulvik, Voss, Kvam, Samnanger, Bjørnafjorden, Austevoll, Øygarden, Askøy, Vaksdal, Modalen, Osterøy, Alver, Austrheim, Fedje og Masfjorden kommune.

Den fastsette fristen er 8 veker (57 dagar). Fristen er etter vårt syn kort for ei forskrift av denne breidda. Difor har vi prioritert å kommentere dei mest prinsipielle og praktiske tema. Vi har ikkje høve til å gå gjennom alle føresegnene i detalj. Det pregar innhaldet i denne fråsegna.

Vi merkar oss òg kontrasten mellom høyringstida for forskrifta og tidsbruken på sjølve lovarbeidet. Frå høyringa av lovutkastet 5. oktober 2021 til Stortinget sitt vedtak 6. juni 2025 gjekk det om lag 3 år og 8 månader. Etter vårt syn talar dette for romsleg høyringstid også på forskriftsnivå, slik at sektoren får levert breie og fagleg forankra innspel.

Vi stiller oss undrande til at det i framlegget er føresett at endringane ikkje skal medføre auka kostnader for kommunane. Vi deler ikkje dette synet. Krava vil for mange krevje både investeringar og auka driftskostnader. Vurderinga av kostnader bør difor reviderast og grunnjevast betre.

I det følgjande held vi oss til dei sentrale spørsmåla der vi meiner forskrifta kan gjerast klårare, meir teknologinøytral og meir føreseieleg for både kommunal sektor og nasjonale aktørar.

## **Vi har følgjande innspel til høyringsutkastet:**

### **§ 1 Definisjonar**

Vi meiner at det bør gjerast tydeleg i § 1 korleis forskrifta nærmar seg arkiv som prosess og arkiv for langtidsbevaring. Vi er uroa for at arkiv berre vert oppfatta som eit sluttprodukt og ikkje som ein del av ein dokumentasjonsprosess. Arkivomgrepet bør omfatte heile livssyklusen frå danning og forvaltning til bevaring.

### **Kapittel 2 – teknologinøytralitet og definisjonar**

I kapittel 2 bør det bli vurdert om skiljet mellom analoge og digitale arkiv er nødvendig, eller om føresegnene heller kan formulerast teknologinøytralt. Vi ønskjer ei meir formatuavhengig forskrift som i større grad tek vare på prinsippet om at arkivlovgjevinga skal gjelde uavhengig av medium og lagringsform. Det nødvendige skiljet bør først gjerast ved mediekonvertering, ikkje ved definisjonar som skil mellom analoge og digitale arkiv allereie i forskriftsteksten. Omgrepet «analogt arkiv» framstår difor som unødvendig og bør fjernast.

### **Kapittel 3 – journalføring og metadata (§§ 14–15)**

Når det gjeld kapittel 3 om journalføring, og kva som skal registrerast (§ 14) og kva for metadata (§ 15), kan forskrifta gå endå lenger ved å stille krav om at verksemder omfatta av offentleglova leverer sentrale metadata til ei felles nasjonal løysing, jf. § 6 bokstav g om overføring av journalmetadata. Forskrifta bør vidare sikre at alle verksemder får tilgang til ei slik løysing utan kostnad for den enkelte. Dette vil bidra til betre nasjonal samordning av metadata.

### **§ 8 Vedlikehald av digitale arkiv (bokstav d)**

Vi støttar intensjonen bak § 8. For bokstav d: «funksjonar for søk, kopling og samanstilling *er like gode som tidlegare*», vil vi peike på at kravet kan vere vanskeleg å oppfylle i praksis. Det er i stor grad i fagsystema og arkivsystema der dokumentasjonen vert skapt at slike funksjonar er tilrettelagde. Etter eksport eller uttrekk vil funksjonaliteten nødvendigvis bli meir avgrensa, sjølv om høvet til å søkje framleis er til stades. Det bør difor bli presisert at ein ikkje skal forstå føresegnene som eit krav om å bevare full systemfunksjonalitet eller applikasjonslogikk.

### **§ 39 Pakking og merking av analoge arkiv**

Vi meiner at § 39 bør reflektere det etablerte skiljet mellom primær- og sekundæremballasje, slik det går fram av Arkivverket sin rettleiar frå 2022. Primæremballasje, det som er i direkte kontakt med arkivmaterialet, må vere av god kvalitet og produsert av reint og stabilt materiale. Sekundæremballasje har ikkje same kontakt med arkiv og bør difor bli lagd under mindre strenge krav. Eit tydelegare skilje i forskriftsteksten vil redusere utilsikta økonomiske konsekvensar utan å gå på kostnad av bevaringsomsynet.

### **§ 41 Offentleg oversikt over arkiv**

Vi støttar § 41. At oversikter, arkivkatalogar og informasjon om avleverte eller deponerte arkiv skal publiserast, burde vere sjølvsgt. Dette gjeld òg elektronisk skapte arkiv. Arkivportalen eller Digitalarkivet har potensiale til å fungere som nasjonale plattformer for dette. Det vil òg vere i tråd

med Nasjonalarkivet si plikt til å føre oversikter over privatarkiv, jf. lov om dokumentasjon og arkiv § 18 b.

Vi meiner at § 41 bør stramme inn kravet til registreringsnivå når arkivet er organisert etter enkeltpersonar. Dette gjeld typiske objektarkiv med klientar, pasientar, elevar og liknande. Digitale oversikter bør etter denne paragrafen innfri artikkel 15 i personvernforordninga (GDPR).

### **§§ 6–7 – funksjonelle minstekrav og systemskildringar**

Utkastet erstattar Noark-påbodet med funksjonelle minstekrav (§ 6) og krav til systemskildringar (§ 7). Framlegget inneber ei svekking av gjeldande regelverk, og vi oppfattar dette som ei medviten retning som skal stimulere til auka innovasjon. Vi meiner at intensjonen er velmeint, men fryktar at han vil føre til tap av arkiv. Krav og standardar er avgjerande for å sikre kvalitet og høvet til å etterprøve forvaltninga.

Med venleg helsing

Interkommunalt arkiv i Hordaland IKS

Dokumentet er elektronisk godkjent, og krev difor ingen signatur.

Kopi til:

Lars Fivelstad Smaaberg  
Sandra Valskog  
Rune Lothe

Kalfarveien 82  
Kalfarveien 82  
Kalfarveien 82